



Norrdal kommune

6210 VALLDAL

Kommunevåpenet i Norrdal er teikna av Astor Furseth, og heiter "Grøderikdom".

Vedtekter for bruk av kommunevåpen

1. Definisjon

Kommunevåpen for Norrdal, fastsett av Norrdal kommunestyre i møte 6. juli 1989, sak nr. 69/89 og godkjent i statsråd 16. februar 1990:

- Norrdal kommune sitt våpen skal vere: På gull grunn ein raud jordbærstengel.
- Norrdal kommune sitt flagg skal vere: På gull grunn ein raud jordbærstengel.

2. Generelt

Våpenet er kommunen sitt merke, og det er rettsleg verna (Straffel. § 328,4. 1.a.22.5.02 nr. 10). Som hovudregel kan våpenet berre brukast av den kommunale politiske leiinga, og av administrasjonen og av kommunale institusjonar i samband med kommunale funksjonar og til dekorasjon.

Våpenet må ikkje brukast slik at det kan sjå ut som privat kjennemerke. Private kjennemerke må heller ikkje stillast saman med våpenet. Våpenet må ikkje brukast i privat forretning som reklame, annonsering eller varemerke.

Formannskapet kan gi løyve til å bruke våpenet på

- Souvernirar av høg kvalitet
- Jakkemerke og bordflagg
- I merke for stemne og landsmøte som blir lagt til Norrdal kommune
- Til pryd på skip m.a. av høg standard.

I alle høve må særskilt søknad sendast til formannskapet saman med prøve eller nøyaktig teikning med utfyllande tekst. Kommunevåpenet skal alltid visast på ein verdig og høvisk måte. Våpenet kan – i samsvar med pkt. 7 – nyttast til læring og dekorasjon, men ikkje på ein slik måte at det gir urett inntrykk av at brukaren har ei kommunal stilling eller funksjon, eller til reklameføremål.

3. Bruk av våpenskjold

Våpenskjoldet skal brukast med sine rette fargar, heraldisk gull og raudt. På trykksaker skal våpenet kunne brukast i fargar og i svart/kvitt. Våpenet kan brukast til eigarmerke på kommunensinen bygningar, bilar og andre gjenstandar.

4. Bruk av kommuneflagg

Flagget kan heisast når kommunestyret/fylkestinget har møte, på kommunale merkedagar, og ellers etter nærare vedtak. Brukt saman med det norske flagget eller riksvåpenet, har kommunevåpenet/kommuneflagget lågaste rang.

5. Bruk av våpenet i fane og banner

Våpenet kan utførast som bordflagg og banner, g då brukast som dekorasjon ved kommunale tilstellingar. Hengande banner i stort format kan berre brukast til dekorasjon etter nærare vedtak.

6. Bruk av våpenet i stempel og segl

Våpenet kan brukast av kommunale etatar/institusjonar i rundt stempel eller segl med etaten eller institusjonen sitt namn i ein innskriftsring i våpenet. Proposjonar og skrifttype skal vere slik som i det vedtekne seglet: "ORDFØRAREN I NORDDAL".

7. Krav til kvalitet

Våpenet kan utførast i ulike materiale og teknikkar, t.d. plastisk flatestil, måla, teikna, vevd, brodert eller gravert. I alle høve må det settast høge krav til kvalitet i utforminga. Utforminga må alltid vere i samsvar med tekniske og heraldiske kvalitetskrav med rett form, farge og proposjonar.

Vedtatt i Norddal kommunestyre i sak 23/91